



Dagleg leiar (seniorrådgjevar) for Energiomstillingsklyngen VEST

Seniorrådgjevar

Vi søker ein seniorrådgjevar med engasjement for samarbeid mellom forskning og næringsliv til å utøve den daglege leiinga av den nystarta kunnskapsklynga Energiomstilling VEST.

Energiomstilling VEST er ei kunnskapsklynge i oppstartfasen basert på eit institusjonelt samarbeid mellom Universitetet i Bergen, Høgskulen Vestlandet (HVL), NHH og NORCE. Intensjonen er å skape meirverdi og vekst mellom academia og næringsliv/offentleg forvaltning gjennom prosjektsamarbeid, kunnskapsoverføring og felles arenaer.

Til å utøve den daglege koordineringa og leiinga av kunnskapsklynga søker vi ein engasjert og motivert leiar med god innsikt i det nasjonale og internasjonale forskingslandskapet på feltet, og med brei industri-kontakt.

Leiaren vert tilsett ved UiB med arbeidsplass ved Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet, men stillinga er eit spleiselag mellom NORCE, HVL og NHH. Den som vert tilsett skal vere eit bindeledd mellom desse institusjonane og representere «one-point-of contact» for eksterne samarbeidspartnarar. Næraste administrativt overordna er dekan for Energiomstilling ved UiB.

Stillinga kan bli endra dersom Energiomstilling VEST opphøyrer.

Arbeidsoppgåver

Leiaren skal mellom anna

- drifte kanalar og fora for å sikre god interaksjon og kommunikasjon i klynga og eksternt
- vere profil utad og ha kontakt med industri, næringsliv og forvaltning
- følgje med på politiske og strategiske signal, rapportar og dokument samt halde klynga oppdatert
- sjå moglegheiter, bidra til å initiere og leggje til rette for å utvikle samarbeid innan forskning, utdanning og innovasjonsprosjekt mellom institusjonane og næringslivet
- organisere søkjarseminar for klynga samt partnare i næringslivet og det offentlege
- fasilitere faste møte med leiargruppa (eit fast medlem frå kvar partner, pluss ein møtande vara frå kvar) og klynga sitt industriråd osv.

Kvalifikasjonar og eigenskapar

Du har

- utdanning på minimum mastergradnivå. Relevant realkompetanse kombinert med relevant etter- og vidareutdanning kan i særskilte høve kompensere for utdanningskravet.
- brei relevant praksis og relevant spesialkompetanse på høgt nivå. Det kan til dømes vere
 - erfaring frå arbeid på strategisk og operativt nivå og på tvers av disiplinær og sektorar
 - kjennskap til fagmiljø, næringsliv, klynger og offentleg sektor innan klima og energiomstilling
 - og/eller forskingsadministrativ erfaring, gjerne frå større forskingsprosjekt,
 - arbeid med prosjektsøknadar (EU, NFR)
- gode kommunikasjonsevner munnleg og skriftleg på norsk og engelsk
- digital kompetanse og evne til å tileigne deg nye ferdigheiter

Du er

- ein pådrivar og initiativtakar med stor arbeidskapasitet og gjennomføringsevne
- ein relasjonsbyggjar med gode kommunikasjonsegenskapar og evne til å stimulere til samarbeid mellom ulike faggrupper og verksemder og i stand til å byggje nettverk og vere ein god representant for klynga
- serviceinnstilt og fleksibel
- systematisk, analytisk og med evne til å arbeide sjølvstendig og sjå moglegheiter

Vi legg vekt på

- relevant og brei erfaring
- personlege eigenskapar naudsynte for stillinga

Vi kan tilby

- spanande og utviklande arbeidsoppgåver i eit sterkt fagmiljø med gode vilkår for personleg og fagleg utvikling
- stilling som seniorrådgjevar (kode 1364) i lønnssteg 68- 74 (for tida kr 615 900,- - 691 400,-) i det statlege lønsregulativet. For særleg kvalifiserte søkjarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn.
- fleksibel arbeidstid og pensjonsordning i Statens pensjonskasse
- gode [velferdsordningar](#)

Generell informasjon

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til: Dekan Gunn Mangerud (mobilnummer 97557137).

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Personar med innvandrarbakgrunn og personer med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Om Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet består av sju institutt og en rekke sentre. [Les meir om fakultet](#) og [tilhøyrande institutt](#).

Jobbnorge-ID: 173702, Søknadsfrist: Søknadsfristen er gått ut